



Statens vegvesen

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Odd Høydalsvik / 55516377

Vår referanse:
19/142058-2

Dykkar referanse:
19/781 – 19/12926

Vår dato:
12.06.2019

Svar på dispensasjonssøknader til uttale – gnr. 55 bnr. 13 Skjelanger og gnr. 9 bnr. 165 Hjertås – Meland kommune – Mellombels bygg – sjåførtoalett

Vi viser til Dykkar brev av 07.06.2019 med framlegg til plassering av toalettvogner på gnr. 55, bnr. 13, Skjelanger og gnr. 9, bnr. 165 Hjertås i Meland kommune.

Toalettvognene er tenkt plassert mellombels for inntil 2 år på stadane som er vist i tilsendt dokumentasjon for å kunne gje eit tilbod om toalett med vask for bussjåførar.

For dei to stadane det er søkt om plassering av toalettvogner er etter plan- og bygningslova trong for dispensasjon frå LNF-føremål og 100 meters beltet mot sjø for mellombels plassering av toalettvogn på gnr. 55, bnr. 13 på Skjelanger og dispensasjon frå LNF-føremål for mellombels plassering av toalettvogn på gnr. 9, bnr. 165 på Hjertås.

Når det gjeld plassering på Skjelanger ligg framlegg til plassering av toalettvogn langs privat veg ca. 80 meter frå fylkesveg 249. Statens vegvesen har ikkje vesentlege merknader til at det vert gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet og 100 meters beltet mot sjø.

Plasseringa av toalettvogna på Hjertås ligg i bakkant av den ein-sidede busslomma langs fylkesveg 564 Rosslandsvegen.

Vi har ikkje merknader til at det vert gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet for dette tiltaket. Toalettvogna er plassert 17 meter frå senterlinja på fylkesvegen og vi vurderer dette til å ikkje medføre vesentlege ulemper for drift og vedlikehald av fylkesvegen.

Med dette som grunnlag kan det påreknast dispensasjon frå byggegrensa til fylkesveg 564 med avstand på 17 meter når vi mottok søknad om dette etter at saka er handsama i Meland kommune etter plan- og bygningslova.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
Seksjonsleiar

Odd Høydalsvik

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN